



## Sluttrapport – Lokalt trafikksikringsarrangement – økonomisk støtte - 2016

Sluttrapporten skal sendast til:

Elektronisk adresse: [hfk@hfk.no](mailto:hfk@hfk.no)

Rapporten må merkast: "Tilskot til lokale trafikksikringsarrangement - sluttrapport – ref: 2014/1230"

Stad og dato:.....**Nysæter 01.08.2016** .....

### Rapportering etter lokalt trafikksikringsarrangement

Namn på arrangement	<b>Trafikkdag for 10.trinn ved ungdomsskulane i Stord kommune</b>
Tidspunkt for arrangement	<b>16.06.2016</b>
Namn på mottakar av tilskotet	<b>Nysæter ungdomsskule</b>
Adresse og postnr.	<b>Utslettevegen 60</b>
Postnummer og poststad	<b>5410 Sagvåg</b>
Epost	<a href="mailto:anne.beate.sunde@stord.kommune.no">anne.beate.sunde@stord.kommune.no</a> <a href="mailto:nysaeter.ungdomsskule@stord.kommune.no">nysaeter.ungdomsskule@stord.kommune.no</a>
Kontonummer	<b>Stord kommune/Nysæter ungdomsskule</b>
Organisasjonsnummer	<b>974563436</b>
Kommune	<b>Stord</b>
Tilskotssum	<b>25 000</b>
Evt. eigenandel	<b>7 060 + eigeninnsats i form av lærartimar og dugnadsinnsats frå ulike aktørar.</b>
Totalkostnad	<b>32 060 + lærartimar/dugnadsinnsats</b>

## Gjennomføring av arrangementet:

Gje ei kort utgreiing av korleis arbeidet er gjennomført. Gje ei kort vurdering av kva trafikksikringsverknader prosjektet har hatt, og vidare planar for arbeidet.

**Torsdag 16.06 var ca. 300 elevar og 25 lærarar/assistentar frå 10.trinn på dei tre ungdomsskulane i Stord kommune samla til trafikkdag ved Stord konferansesenter i Rutle, i nærområdet til Nysæter ungdomsskule. Det er første gong me har eit slikt arrangement for alle elevane i denne aldersgruppa. Arrangementet blei til i eit samarbeid mellom Nysæter ungdomsskule og Sunnhordland trafikkopplæring, som også har eit godt samarbeid om valfaget trafikk.**

Dagen vart opna av Stord-ordførar Harry Herstad, som tok utgangspunkt i eigne erfaringar som ung trafikant, og som oppmoda ungdomane om å sjå kvarandre og visa omsyn i trafikken, slik at tala på trafikkskadde ikkje vil auka i framtida. Deretter gjekk trafikklærar Kurt Grundvold gjennom programmet for dagen før elevane vart delt i grupper. Aktivitetsøkta var organisert i stasjonar der elevane fekk sjå og praktisera førstehjelp, kjenna på kva krefter ein møter i trafikken i NAF sin «Bråstopp» og «Velte-Petter», læra om gode haldningars i trafikken, praktisera brannslokking og redningsarbeid. Etter stasjonsøkta var det matøkt med grilling og sosialt samvær, før me var samla i kinosalen for å sjå sterk australisk film om konsekvensar ved promillekjøring (ATL) og kva reaksjonar ein kan få om ulukka er ute.

Dagen vart avslutta med eit foredrag av 26 år gamle Robert Skogvold, tidlegare elev på Nysæter, som for nokre år sidan sjølv opplevde det som han sjølv sa «aldri kunne henda meg». I ord og bilete delte Robert si usminka historie om korleis ein ung, aktiv, normal, bilglad gut opplevde ei dramatisk trafikkulukke og sidan kjempa seg tilbake til livet. Det gjorde sterkt inntrykk på elevane å høyra kor mykje små kvardagslege handlingar betyr når du ikkje kan gjera dei sjølv. Fleire av elevane var framme og takka Robert for at han delte erfaringane sine med dei.

Både Robert Skogvold og dei andre aktørane på stasjonane stilte opp vederlagsfritt på dette arrangementet. Det har såleis vore stor dugnadsinnsats for å få dette til. Sunnhordland Trafikkopplæring og Nysæter ungdomsskule har lagt ned mange timer eigeninnsats både i planlegging, gjennomføring og etterarbeid, både i form av administrasjon og lærartimar. Stord Brannvesen, Ambulansetenesta v/Are Eidesen, Kjetil Almås, NAF og trafikkskulen stilte gratis opp med planlegging og gjennomføring av stasjonar. Lærarar frå ungdomsskulane hadde oversikt og oppfølging av elevgruppene og matøkt/grilling. Foreldre stilte opp med transport til og frå då det viste seg at det var vanskeleg å få til busstransport. Alt dette vert rekna som eigeninnsats, sjølv om det kan vera vanskeleg å fastsetja ein eksakt verdi av denne.

Det er vanskeleg å måla kva eit arrangement som dette kan gi av direkte trafikksikringsverknadar, men me har tru på at godt haldningsskapande arbeid gir ein effekt på lang sikt. Elevane ga uttrykk for at dei hadde fått kunnskap, praksis og ny innsikt i noko dei kanskje ikkje alltid er like medvitne om. Variasjonen mellom praktisk arbeid, teori, sosialt samvær på tvers av skulane og tankevekkande film og foredrag bidrog til at elevane klarte å ha fokus og konsentrasjon gjennom heile dagen. Me veit også at denne kunnskapen vil bli henta fram og repetert når dei tar til i vidaregåande skule til hausten, og vil delta på den tradisjonelle trafikkdagen der. Nysæter ungdomsskule har utfordra dei to andre ungdomsskulane til å vidareføra arrangementet for ungdomsskuleelevarne til neste år, noko dei stiller seg positive til.

**Me konkluderer med at dette var eit vellukka arrangement som gjerne kan gjentakast.**

## Rekneskapsoversikt:

### Rekneskap

	Inntekt	Utgift
<b>Leige av Stord konferansesenter</b>		<b>31 250</b>
<b>Innkjøp av utstyr til grilling</b>		<b>560</b>
<b>Blomar til føredragshaldar</b>		<b>250</b>
<b>Tilskot HFK</b>	<b>25 000</b>	
<b>Dekka av eigne midlar</b>	<b>7 060</b>	
<b>Totalt</b>	<b>32 060</b>	<b>32 060</b>

#### Merknad:

Både føredragshaldar, ordførar og dei andre aktørane på stasjonane stilte opp vederlagsfritt på dette arrangementet. Det har såleis vore stor dugnadsinnsats for å få dette til. Sunnhordland Trafikkopplæring og Nysæter ungdomsskule har lagt ned mange timer eigeninnsats både i planlegging, gjennomføring og etterarbeid, både i form av administrasjon og lærartimer, min.15 timer. Stord Brannvesen, Ambulansenesta v/Are Eidesen, Kjetil Almås, NAF og trafikkskulen stilte gratis opp med planlegging og gjennomføring av stasjonar, min.30 timer. 12-15 lærarar frå ungdomsskulane hadde oversikt og oppfølging av elevgruppene og matøkt/grilling, min.60 timer. Foreldre stilte opp med transport til og frå då det viste seg at det var vanskeleg å få til busstransport. Alt dette vert rekna som eigeninnsats, sjølv om det kan vera vanskeleg å fastsetja ein eksakt verdi av denne.

**Anne Beate Sunde**  
**Rektor**  
**Nysæter ungdomsskule**

[anne.beate.sunde@stord.kommune.no](mailto:anne.beate.sunde@stord.kommune.no)